

# System for verksemdsbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skolane

Opplæringsdirektøren  
Februar 2011



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

## Forord

Hordaland fylkeskommune utarbeidd i 2009 eit system for korleis skolane sjølv kan vurdere og følgje opp eigne resultat, eit system for verksemdsbasert vurdering. Dette er i tråd med § 13.10 i Opplæringslova og forskrifta til Opplæringslova § 2-1.

Systemet legg rammer for korleis skolane skal planlegge og vurdere det pedagogiske utviklingsarbeidet, og for korleis skoleeigar skal følgje opp planlegging og resultat frå skolane. Systemet krev god dialog mellom skoleeigar og skolen si leiing. Partane skal saman utvikle ein kultur for god planlegging og resultatvurdering. Systemet skal implementerast over tre år (2009 – 2012).

Det blei gjennomført skolebesøk i alle dei vidaregåande skolane i skoleåret 2009/10, og ein er no halvvegs i gjennomføring av skolebesøka for skoleåret 2010/11. Skolebesøka følgjer ein oppsett mal som er blitt noko justert ut i frå erfaringar som er gjort.

Skoleåret 2011-2012 markerer det siste året i implementeringsperioden for system for verksemdbasert vurdering. Vi vil her leggje vekt på at skolane etablerer gode rutinar for organisering og oppfølging av det pedagogiske utviklingsarbeidet gjennom skoleåret. Våren 2012 vil systemet og skolebesøka bli evaluert som grunnlag for å utforme ein endeleg modell for System for verksemdbasert vurdering og oppfølging av skolane.



Inger Øvsthus Tønder

Bergen, 15. februar 2011



# System for verksemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skolane

Hordaland fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga  
2011

## Innhald

<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>4</b>
<b>2. KRAV TIL FORSVARLEG SYSTEM FOR KVALITETSVURDERING OG OPPFØLGING .....</b>	<b>4</b>
<b>3. SYSTEM FOR VERKSEMDSBASERT VURDERING.....</b>	<b>5</b>
3.1 ÅRSHJUL.....	5
3.2 SKOLANE SIN UTVIKLINGSPLAN.....	6
3.3 TILSTANDSVURDERING.....	7
3.4 TILSTANDSRAPPORT .....	8
3.5 DOKUMENTASJON.....	8
<b>4. SKOLEBESØK OG DIALOG MELLOM SKOLANE OG SKOLEEIGAR.....</b>	<b>9</b>
4.1 MANDAT OG RETNINGSLINER FOR SKOLEBESØK .....	9
<b>5. IMPLEMENTERING AV SYSTEMET - VEGEN VIDARE .....</b>	<b>10</b>
<b>VEDLEGG 1.....</b>	<b>12</b>
<b>VEDLEGG 2 .....</b>	<b>14</b>

## 1. Innleiing

Det er Opplæringslova med forskrifter som er utgangspunkt for Opplæringsavdelinga sitt "System for verksemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skolane". Lova stiller bestemte krav til skoleeigar og til skolane.

Skoleeigar skal i følgje Opplæringslova § 13-10 ha eit forsvarleg system som sikrar at lova sine pålegg og elevane sine rettar blir følgd og innfridd. 1. august 2009 blei § 13.10 2. ledd endra og pålegg skoleeigar, som ein del av oppfølgingsansvaret, "å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i (...) den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigar (...) det vil seie fylkestinget.

Skolane og lærebedriftene skal i følgje forskrifta til Opplæringslova § 2-1 "jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet".

System for verksemdbasert vurdering er eit viktig verkty for å sikre forsvarleg oppfølging av fylkeskommunen sine ansvarsområde. Dette dokumentet gjer greie for elementa som inngår i system for verksemdbasert vurdering, på kva måte dei ulike elementa påverkar kvarandre og korleis dei skal følgjast opp.

## 2. Krav til forsvarleg system for kvalitetsvurdering og oppfølging

Eit heilskapleg kvalitetssystem for kvalitetsvurdering på skoleeigarnivå må innehalde både eit aspekt av kontroll og av kvalitetsutvikling. For å få dette til må systemet vere forankra på alle nivå i fylkeskommunen; skole, skoleeigar og politisk nivå.

**Skolane** må ha eit system for verksemdbasert vurdering slik det er omtala i dette dokumentet med gode rutinar for planlegging, informasjonsinnhenting, analyse/vurdering og rapportering.

**På skoleeigarnivå** er følgjande element ein del av systemet

- styringsdokument frå Opplæringsdirektøren
- system for informasjonsinnhenting
- system for oppfølging av skolane
- system for internkontroll<sup>1</sup>
- tilstandsrapport til politisk nivå

**Politisk nivå** skal årleg ha ein rapport som syner stoda i skolane knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten vil bli utarbeidd på grunnlag av tilgjengelege data i det skoleadministrative systemet, elevundersøkinga, tilstandsrapportane frå skolane, rapportane frå skolebesøka og andre tilgjengelege data. Meldinga skal gje eit godt grunnlag for politiske prioriteringar gjennom budsjettprosessen og for å utforme årlege styringssignal til skolane.

---

<sup>1</sup> Arbeidet med eit system for informasjonsinnhenting og internkontroll er under arbeid i opplæringsavdelinga. Dette skal samordnast med etablering av eit felles system for heile fylkesadministrasjonen og blir ikkje omtalt i dette dokumentet

### 3. System for verksemdbasert vurdering

I følgje lova skal alle skolane ha eit system for verksemdbasert vurdering. Føresetnader for at eit system for verksemdbasert vurdering skal bli vellukka, er at systemet:

- er forankra i heile organisasjonen og involverer alle tilsette
- tek utgangspunkt i skolen si kjerneverksemd – elevane si læring og vekst
- er koordinert og tilpassa dei ulike aktivitetane og rapporteringane gjennom skoleåret


Det er lagt opp til eit system som skal vere forsvarleg med omsyn til Opplæringslova, og vere nyttig for skolane i deira utviklingsarbeid. Skolane har stor fridom i val av metodar og måten ein vel å organisere seg på. Systemet tek utgangspunkt i at skolane vurderer eigen tilstand og prioriterer tiltak og mål som tek omsyn både til skolen sine egne utfordringar og styringssignala frå skoleeigar.

Det verksemdbaserte utviklingsarbeidet skal vere forankra i heile organisasjonen og ta utgangspunkt i eleven si læring.

#### 3.1 Årshjul

Skolane sitt verksemdbaserte utviklingsarbeid må organiserast på ein måte som er tilpassa skoleåret sin rytme og aktivitetar. Skolane blir oppfordra til å utarbeide ein årsplan knytt til utviklings- og vurderingsarbeidet.

Dei ulike aktivitetane og kontaktpunkta mellom skolen og skoleeigar (administrativt og politisk) er illustrert i følgjande figurar:



## 3.2 Skolane sin utviklingsplan

Utviklingsplanen er skolen sitt planleggings- og styringsverktøy. Skolen sin utviklingsplan skal gi ei oversikt over skolen sine egne definerte utviklingsbehov og mål. Planen skal også ta opp i seg nasjonale prioriteringar og føringar frå skoleeigar. Likeeins vil skolen sin IKT-strategi vere ein del av utviklingsplanen, slik at skolen berre har ein plan å halde seg til.

Utviklingsplanen skal innehalde følgjande element:

### Visjon

Utviklingsplanen for skolen fortel kvar skolen står, kva mål skolen har og korleis skolen har tenkt å komme dit. Visjonen uttrykkjer kva skolen vil stå for, og korleis skolen helst vil bli opplevd av andre. Visjonen kommuniser ambisjonsnivå og er difor offensiv av prinsipp. Den felles berande idé som skolen handlar etter, må kunne uttrykkjast kort, med ei setning eller eit enkelt uttrykk.

### Pedagogisk plattform

Vidaregåande opplæring har eit felles rammeverk som skal leggjast til grunn for alt læringsarbeid. Dei sentrale dokumenta er Opplæringslova og Generell del av læreplanen, Prinsipp for opplæringa med Læringsplakaten og læreplanar i fag. På den einskilde skole skal dei overordna rammene omsetjast i planlegging og handling. Ei pedagogisk plattform uttrykkjer kva verdiar og pedagogisk forståing skolen legg til grunn for sitt eige arbeid på grunnlag av nasjonale og lokale rammer. Den pedagogiske plattformen må vere dynamisk slik at ho til ein kvar tid viser stabile verdiar, aktuelle utfordringar og vilje til endring.

### Prosess

Utviklingsplanen for skolen er eit forpliktande dokument. Det er difor avgjerande at planen er utvikla innanfor opne og tydelege prosessar. Planen skal seie noko om korleis den har blitt til og kva roller og ansvar som gjeld. Skolen skal mellom anna gjere greie for desse forholda:

- Kven har leiar- og ansvarsoppgåver i prosessen. Dersom det vert oppretta ei styringsgruppe, må mandatet klargjerast.
- På kva måte dei tilsette er involvert i arbeidet med planen.
- At det er lagt til rette for elevmedverknad i samsvar med Opplæringslova, kap. 9.a.
- At organisasjonane er sikra medråderett etter prinsippa i Hovudavtalen.
- Om skolen involverer eksterne krefter i arbeidet, eventuelt kva rolle det då er tale om.

### Utviklingsområde

Desse uttrykker dei overordna målsettingane til skolen, og syner kva for område skolen ynskjer å prioritere.

### Tiltaksplan

Tiltaksplanen er skolen sitt arbeidsdokument og verktøy for å gjennomføre, resultatvurdering og følgje opp utviklingsarbeidet. Med utgangspunkt i utviklingsområda må skolen setje opp aktuelle tiltak som er naudsynte for å nå dei utviklingsområda skolen har sett seg. Malen som er presentert under skal nyttast til dette føremålet. Tiltaksplanen skal som eit minimum innehalde ei oversikt over følgjande:

Utviklingsmål:						
Mål	Tiltak	Resultatmål kjenneteikn	Start/slutt milepælar	Ansvarleg/ organisering	Ressursar	Dokumentasjon Evaluering
	Tiltak 1					
	Tiltak 2					


### Resultatmål

For å kunne måle resultat av tiltaket skal det utviklast resultatmål. Det er her skolen viser kva ambisjonar skolen har med tiltaket, og kva ein vil oppnå. Ikkje alt vi arbeider med kan målast i tal. Kan ein ikkje talfeste eit resultat, må ein sjå på kjenneteikn på kvalitet. (Sjå vedlegg 2).

**Alle dei vidaregåande skolane må sjå til at utviklingsplanen har ein visjon og pedagogisk plattform. Malen for tiltaksplanen som er presentert over skal nyttast.**

### 3.3 Tilstandsvurdering

Tilstandsvurdering inneber ein prosess kor skolen analyserer grunnlagsdokumentasjonen og annan kunnskap om skolen som kjem fram igjennom året. Figuren under syner dei tre hovudelementa som inngår i vurderingsarbeidet.



Tilstandsvurderinga skal ta utgangspunkt i dei måla og utviklingsbehova som skolen har tatt med i utviklingsplanen.

Skolen skal vurdere i kva grad praksis og resultat er i samsvar med måla skolen skal realisere. Vurderinga tar utgangspunkt i dei områda og måla som skolen har sett seg i utviklingsplanen. Vurderinga må seie noko om grad av måloppnåing og vil gi innsikt i samanhengen mellom rammer, prosessar og resultat. Utvikling av kjenneteikn på kvalitet vil vere ein nyttig prosess i vurderingsarbeidet.

På grunnlag av den kunnskapen skolane har fått gjennom dagleg drift, samanstilling av egne data og bruk av undersøkingar og analysen som er gjennomført, skal betringstiltak og/eller nye tiltak setjast i verk. Kjenneteikn på vellukka utviklingsretta tiltak er mellom anna at dei utløyser gode og aktive prosessar og er forankra i arbeidet i klasserommet. For å få dette til, bør difor vurderingsprosessen involvere alle tilsette sjølv om ikkje gjennomføringa av alle tiltaka gjer det. Ein god vurderingspraksis startar i klasserommet med læraren si vurdering av eleven si læring. **Med utgangspunkt i klasserommet må skolen systematisk bygge ein god vurderingskultur i heile organisasjonen**

### 3.4 Tilstandsrapport

Det er utarbeidd ein mal for tilstandsrapporten for 2011, sjå vedlegg 2. Denne malen er noko endra i høve malen som vart nytta i 2010. Rapporten skal innehalde spesifiserte utdrag frå skolen si eiga tilstandsvurdering. Det skal rapporterast på måloppnåing, kjenneteikn og kvar skolen står i høve til målsettingar og prioriterte område i Opplæringsdirektøren sitt styringsdokument og utviklingsområde som skolen sjølv har prioritet i sin utviklingsplan. Rapporten skal sendast inn til Opplæringsavdelinga saman med utviklingsplanen. Tilstandsrapporten frå skolane vil vere eit av fleire grunnlag for vidare rapportering til politisk nivå.

Tabellen under syner dei elementa som skal inn i tilstandsrapporten.

1	Resultat og/eller kjenneteikn på kvalitet i høve hovudmålet, opplæringsdirektøren sine prioriterte område og skolen sine tiltak knytt til utviklingsplanen . (sjå vedlegg 1)
2	Vurdering av resultat frå ulike typar dokumentasjon som; Statistikk frå Extens og SkoleArena, Elevundersøkinga, Undervisningsevalueringa mm.
3	Kort skildring av prosessen knytt til det pedagogiske utviklingsarbeidet. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis skolen har organisert arbeidet med verksemdbasert vurdering</li> <li>• På kva måte dei tilsette og elevar er involvert i arbeidet</li> <li>• Kva dokumentasjonskjelder som er tatt i bruk ut over dei som allereie er nemnt</li> <li>• Eigen vurdering av prosessen og konsekvensar for det vidare arbeidet</li> </ul>
4	Kva utfordringar skolen ser - på grunnlag av sin analyse av tilstanden – for det vidare utviklingsarbeidet

For meir informasjon om dato for innlevering av tilstandsrapport vert det vist til årlege styringsdokument frå Opplæringsdirektøren.

### 3.5 Dokumentasjon

Både på den enskilde skole og i Opplæringsavdelinga har ein i dag ei rekkje data og dokumentasjon som seier noko om kvaliteten på opplæringa. Kjenneteikn på kvalitet vil vere både i form av kvantitative data og ein meir kvalitativ dokumentasjon. Sentrale dokumentasjonskjelder er vist til i vedlegg 1.

Under følgjer døme på ulike typar dokumentasjon.

#### Nøkkeldata

Gjennom året vert det registrert store mengder data knytt til drifta av skolane. I hovudsak vert driftsinformasjonen samla i Extens. Etersom Extens utviklar nye modular, vil registreringa

dekkje fleire av aktivitetane på skolane. Ein del av desse data sit skolen på sjølv, medan andre må opplæringsavdelinga skaffe til veie. Skolane finn og nøkkeldata på Skoleporten.no.

### **Brukarundersøkingar**

Utdanningsdirektoratet har utvikla brukarundersøkingar som er tilgjengeleg på nettet; *Elevundersøkinga*, *Lærarundersøkinga* og *Foreldreundersøkinga*. Elevundersøkinga er obligatorisk for elevane på Vg1. Undersøkinga skal vere gjennomført i dei vidaregåande skolane i løpet av januar/februar kvart år slik at resultatane kan nyttast i skolen si tilstandsvurdering. I tillegg kan skolen velje å nytte Elevundersøkinga for fleire trinn, til dømes både Vg1 og Vg2, for å få eit samanlikningsgrunnlag med dei same elevane over tid. Skoleeigar vil jamleg vurdere bruk av kompetansemiljø (t.d. Læringslaben) eller eigne verktøy for analyse av resultatane frå Elevundersøkinga. Dei andre undersøkingane (Lærar- og Føresetteundersøkingane) kan skolen velje å nytte seg av i sitt vurderingsarbeid. Skoleeigar kan og vedta at ei eller fleire av undersøkingane eit år skal vere obligatorisk.

Hordaland fylkeskommune sitt opplegg for *Undervisningsevaluering* skal vere skolen sin eigedom, og er tenkt som eit hjelpemiddel i det pedagogiske utviklingsarbeidet i klasserommet eller verkstaden. Ein kan også sjå det som eit ledd i å styrke elevane sin medverknad i læringsprosessen.

Utdanningsdirektoratet har utarbeidd eit analyseapparat, Ståstads- og organisasjonsanalyse. Desse finn ein på Utdanningsdirektoratet sine nettsider, og dei kan skolen nytte som supplement i si tilstandsvurdering.

### **Andre aktuelle dokument/data**

Gjennom året vert det drøfta ulike saker i skolen sine valte organ (slike som Skoleutvalet, AMU, elevrådet) eller andre formelle eller uformelle organ (slike som faggrupper, personalsamlingar, leiarmøte, drøftingsmøte). Saksframstillinga frå desse møta dokumenterer tilhøve på skolen som kan vere verdfull informasjon i samband med planlegging og vurdering.

### **Arbeidsmiljøkartlegging**

Skolane må ta utgangspunkt i sine eigne resultat i Årsrapport for HMT-arbeid og gjere ei risikovurdering av avvika sine. Den årlege arbeidsmiljøkartlegginga skolen skal gjennomføre i samsvar med Arbeidsmiljølova, gjev eit godt grunnlag for det vidare arbeidet for å betre arbeidsmiljøet.

## **4. Skolebesøk og dialog mellom skolane og skoleeigar**

For å realisere dei krava som ligg til verksemdsbasert vurdering og resultatoppfølging må Hordaland fylkeskommune som skoleeigar ha ein systematisk dialog med og oppfølging av skolane. Opplæringsdirektøren har difor utarbeidd eit system med tilhøyrande mandat for skolebesøk.

### **4.1 Mandat og retningslinjer for skolebesøk**

Skolebesøka skal fungere som del av styringsdialogen mellom Opplæringsdirektøren og skolane, og Opplæringsdirektøren sitt styringsdokument ligg til grunn for skolebesøka.

Målsetjinga med skolebesøka er:

- å styrke kvaliteten på opplæringa i vidaregåande skole ved å etablere tettare dialog og samarbeid mellom skoleeigar og den einstilte skole
- støtte skolane i deira utviklings- og vurderingsarbeid
- gi fylkeskommunen betre kunnskap om kvaliteten på opplæringa i dei vidaregåande skolane

Til grunn for skolebesøket ligg sentrale og lokale styringsdokument, skolen sin utviklingsplan, tilstandsvurdering og rapport. Gjennom dialog vil ein saman sette eit kritisk lys på desse dokumenta, og vurdere dei resultata skolen oppnår i sitt utviklingsarbeid.

Det er Opplæringsdirektøren som initierer møtet. Opplæringsavdelinga har ansvar for å organisere skolebesøka og gjennomføre desse etter ein oppsett plan. I forkant av skolebesøket får skolane tilsendt ein mal for besøket der følgjande klargjerast; tidspunkt, kven som skal delta på møte og kva som er innhaldet.

Alle skolane skal ha eit skolebesøk i løpet av skoleåret.

### **Kven deltar på møtet**

Opplæringsavdelinga vil vere representert med ein leiar frå Opplæringsavdelinga og ein kontaktperson frå pedagogisk seksjon. Frå skolen skal følgjande delta på møtet:

- Rektor og skoleleiinga
- Representantar for dei tillitsvalte
- Representantar frå elevrådet

Dersom rektor ynskjer å ha med andre tilsette, må desse ha ein rolle i møte. Det er viktig at alle som deltek er godt førebudd, kjenner dagsorden og veit kva rolle dei har. Det er rektor si oppgåve og sjå til at dei som deltek frå skolen er førebudd. Deltakarane på skolebesøka skal vere til stades på heile møtet for å leggje til rette for dialog på tvers av ulike ansvarsområde.

Kontaktpersonane si rolle er å vere eit bindeledd mellom Opplæringsavdelinga og skolane og vere ein samtalepartner i det verksemdsbaserte vurderingsarbeidet. Kontaktpersonane skal ikkje gå inn i ein rettleingsrolle i høve til skolane. Dersom nokre skolar har behov for rettleiing i arbeidet, må det enten takast opp i skolebesøket eller rettast til Opplæringsavdelinga på annan måte.

Når besøket er ferdig, vil skoleeigar lage ein summarisk rapport som både leiar i opplæringsavdelinga og rektor underteiknar. Rapporten blir tatt med i neste skolebesøk.

## **5. Implementering av systemet - vegen vidare**

Å få på plass eit system for verksemdsbasert vurdering vil vere ei krevjande oppgåve både for skolane og skoleeigar. For begge partar vil det handle om å finne gode rutinar og strukturar og bygge ein vurderingskultur internt i organisasjonen. I tillegg er det naudsynt å skaffe seg kompetanse på området.

Skoleeigar ser for seg at det vil ta noko tid før det verksemdsbaserte systemet er innarbeidd både på skolane og hjå skoleeigar. Implementeringa av systemet blir difor gjennomført i eit treårsperspektiv.

Kompetanseheving knytt til dette arbeidet vil bli lagt inn i leiaropplæringa, og ein vil søke å nytte regionale møte i kommunikasjon rundt og utvikling av systemet.

### **Implementering av systemet for verksemdbasert vurdering i hovudfasar:**

2009 – 2010

Hovudfokus vil vere på **utviklingsplanen** og kvaliteten på den. Eit viktig element vil vere skolen sin prosess i utvikling av planen, og korleis ein har forankra arbeidet i personalet og hos elevane. Ein vil sjå etter at skolen har med dei ulike elementa i planen. Likeins vil ein ha fokus på utforming av ulike målformuleringar, både utviklingsmål og resultatmål.

2010 – 2011

Hovudfokus vil vere på skolen sin **tilstandsvurdering**. Her vil ein og sjå på prosess, og korleis arbeidet er integrert og forankra. Ein vil sjå på korleis skolen nyttar ulike dokumentasjonskjelder i vurderingsarbeidet, og samanheng mellom tilstandsvurdering, tilstandsrapport og rullering av utviklingsplanen.

2011 – 2012

Hovudfokus vil vere på skolen si **implementering** av eit system for verksemdbasert vurdering. Her vil ein sjå både på korleis organisasjonen er sett i stand til å ivareta arbeidet, kva rolle leiinga har både i utvikling og drift av systemet og korleis det er forankra hos elevar og lærarar.

## Vedlegg 1

### Kjenneteikn på resultat og kvalitet - Dokumentasjonskjelder

Tabellane under syner eit utvalt kjenneteikn på resultat og kvalitet for hovudmålet og utviklingsområda, og kva kjelder vi pr i dag kjenner som kan dokumentere oppnådd resultat. Tabell 1 er knytt til hovudmåla auka læringsutbytte og fullføring. Tabell 2 er knytt til utviklingsområda for verksemdbasert vurdering.

**Tabell 1**

Hovudmål	Kjenneteikn på resultat og kvalitet	Dokumentasjonskjelder
Auka læringsutbytte	<ul style="list-style-type: none"> <li>Karakterutvikling for skolen, det einsskilde utdanningsprogram og utvalde fag</li> <li>Standpunkt- og eksamenskarakter for skolen og det einsskilde utdanningsprogram</li> </ul>	Extens/SkoleArena
Auka fullføring	<ul style="list-style-type: none"> <li>Elevane fullfører og består</li> <li>Elevane oppnår planlagt kompetanse</li> </ul>	Extens/SkoleArena

Tabell 2

	Delområde	Kjenneteikn på kvalitet - døme	Dokumentasjonskjelder
Elevane si læring og læringsmiljø	Tilpassa opplæring	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lærer og elev har fått kunnskap om eleven sitt faglege nivå</li> <li>Læraren har kjennskap til eleven sine arbeidsmetodar og innsats</li> <li>Elevane er kjent med mål og innhald i opplæringa i det ein skilde faget</li> <li>Elevane opplever variasjon i undervisninga</li> <li>Elevane er kjent med vurderingskriteria i det ein skilde faget</li> <li>Elevane deltek i planlegging og vurderingsarbeid</li> </ul>	Elevundersøkinga Undervisningsevalueringa
	Inkludering	<ul style="list-style-type: none"> <li>Elevane opplever ikkje mobbing</li> <li>Elevane trivst på skolen</li> <li>Elevane opplever eit godt fungerande elevdemokrati</li> <li>Tilhøvet mellom elevar og lærarar er prega av gjensidig respekt</li> </ul>	
Lærarrolla	Lærarkompetanse	<ul style="list-style-type: none"> <li>Skolen har god oversikt over kompetanse og kompetansebehov</li> <li>Etter- og vidareutdanning er synleggjort i lærarane sine individuelle arbeidsplanar</li> <li>Lærarane nyttar digitale læremiddel i undervisninga</li> </ul>	Undervisningsevalueringa Elevundersøkinga Særskilde undersøkingar (t.d. om IKT-bruk i skolen) Kompetansekartlegging Skolen sin eigen dokumentasjon
	Klasse-/gruppeleiing	<ul style="list-style-type: none"> <li>Læraren vurderer regelmessig undervisninga si i samarbeid med kollegaer</li> <li>Sjå elles punkt under tilpassa opplæring og inkludering</li> </ul>	
Lærande organisasjon	Organisasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>Samarbeid vert nytta systematisk for å betre kvaliteten i undervisninga</li> <li>Skolen har eit aktivt forhold til mål og innhald i fag og pedagogikk</li> <li>Skolen har individuelle arbeidsplanar for lærarane</li> <li>Skolen har eit aktivt forhold til timeplanen som pedagogisk verkemiddel</li> </ul>	Skolebesøk Lærerundersøkinga Skolen sin eigen dokumentasjon (t.d. skolen si arbeidsmiljøkartlegging)
	Tydeleg og inkluderande leiing	<ul style="list-style-type: none"> <li>Skolen har ei tydeleg fordeling av oppgåver og ansvar</li> <li>Skolen har ein tydeleg møtstruktur på alle nivå</li> <li>Skolen har gode system for involvering og medverknad for alle tilsette</li> </ul>	

## Vedlegg 2

### Mal for tilstandsrapport 2011

Namn på skolen:

Tal på elevar i skoleåret 2010/11:

#### 1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

##### Resultat og/eller kjenneteikn på kvalitet:

Karakterar og karakterutvikling  
Tal for stryk og IV  
Tal for sluttarar  
Tal på fråvær

##### 1.1 Total tal for stryk og IV på standpunkt og eksamen

	Tal stryk	Tal IV
<b>Standpunkt - vår 2009</b>		
- vår 2010		
<b>Eksamen - vår 2009</b>		
- vår 2010		
<b>1. termin 2009/10</b>		
2010/11		

##### 1.2 Total tal på sluttarar<sup>2</sup>

<b>Tal sluttarar 2009/2010</b>	
2010/2011	

##### 1.3 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2011/2012

Utfordringar skolen ser innan fag og utdanningsprogram når det gjeld **stryk/ikkje vurdering**:

Skolen si resultatvurdering av tiltak i utviklingsplanen:

Konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen:

Utfordringar skolen ser når det gjeld **sluttarar**:

Skolen si resultatvurdering av tiltak i utviklingsplanen:

Konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen:

<sup>2</sup> Registrert sluttårsak i Extens: Stort fråver, feilval, fagvanskar, grunn ikkje oppgitt, manglande norskkunnskapar, personlege årsakar/sjukdom, skolelei/motivasjon, fagvanskar, anna fråfallsårsak.

#### 1.4 Gjennomsnittleg tal på frávær (timar og dagar)

1. halvår 2010/11 timar	
dagar	
Utfordringar skolen ser når det gjeld frávær:	
Skolen si resultatvurdering av tiltak i utviklingsplanen:	
Konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen:	

## 2 Prioriterte tiltaksområde 2010/11

### 2.1 Vurdering av eleven si læring

#### Resultat og/eller kjenneteikn på kvalitet:

Resultat frå Elevundersøkinga  
Eigne vurderingar, t.d. frå undervisningsevalueringa,  
av kjenneteikn og resultat frå utviklingsarbeidet i 2010/2011

#### 2.1.2 Kort vurdering:

Svarprosent i Elevundersøkinga 2011:

Kva seier resultat frå Elevundersøkinga om skolen sin vurderingspraksis:

Kva seier resultat frå Undervisningsevalueringa om skolen sin vurderingspraksis og eigen kjennskap til skolen:

Skolen si resultatvurdering av tiltak i utviklingsplanen:

#### 2.1.3 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2011/2012

Utfordringar:

Konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen:

## 2.2 Bruk av IKT i lærings- og vurderingsarbeidet

### **Resultat og/eller kjenneteikn på kvalitet:**

Resultat frå Elevundersøkinga

Eigne vurderingar, t.d. frå undervisningsevalueringa,  
av kjenneteikn og resultat frå utviklingsarbeidet i 2010/2011

### 2.2.1 Kort vurdering:

Kva seier resultat frå Elevundersøkinga?:

Kva seier resultat frå Undervisningsevalueringa og eigen kjennskap til skolen?:

Skolen si resultatvurdering av tiltak i utviklingsplanen:

### 2.2.2 utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2011/2012

Utfordringar:

Konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen:

## 2.3 Klasseleing (Nytt tiltaksområdet frå 2011/12)

### **Resultat og/eller kjenneteikn på kvalitet:**

Resultat frå Elevundersøkinga

Eigne vurderingar, t.d. frå undervisningsevalueringa,  
av kjenneteikn og resultat frå utviklingsarbeidet i 2010/2011

### 2.2.1 Kort vurdering:

Kva seier resultat frå Elevundersøkinga:

Kva seier resultat frå Undervisningsevalueringa og eigen kjennskap til skolen?:

### **2.2.2 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2011/2012**

Utfordringar:

Konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen:

## **3 Eventuelle egne prioriterte mål og tiltak i utviklingsplanen 2010/2011 – rapportering på inntil 2**

### **3.1 Utviklingsområde/tiltaksområde:**

**Resultat og/eller kjenneteikn på kvalitet (fyll inn):**

#### **3.1.1 Kort vurdering:**

Skolen si resultatvurdering av tiltak i utviklingsplanen:

### **3.1.2 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2011/2012**

### **3.2 Utviklingsområde/tiltaksområde:**

**Resultat og/eller kjenneteikn på kvalitet (fyll inn):**

#### **3.2.1 Kort vurdering:**

Skolen si resultatvurdering av tiltak i utviklingsplanen:

### **3.2.2 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2011/2012**

#### 4 Prosessen knytt til det pedagogiske utviklingsarbeidet

4.1	Korleis har skolen organisert arbeidet med verksemdsbasert vurdering: Årshjul, møteplassar, milepælar mm.
4.2	På kva måte er dei tilsette og elevar involvert i arbeidet:
4.3	Eigen vurdering av prosessen og konsekvensar for det vidare arbeidet:

#### 5 Eventuelt anna som skolen ønskjer å rapportere om:

--



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdelinga  
Agnes Mowinckels gt 5  
Postboks 7900  
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 94 60  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)